Vestlandsrådet

Saksframlegg

| | |
|---|---|
| **Saksnr:** | 2026/4095-29 |
| **Saksbehandlar:** | Tor Martin Misund, Vestland fylkeskommune |

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| **Vestlandsrådet** | **14/26** | **04.11.26** |

# Statsbudsjett 2027 - Vestlandet vert ramma av manglande drahjelp til grøn omstilling

Forslag til vedtak

Vestlandsrådet viser til saksframlegget og vedtek forslaget til uttale om kutt i midlar til verkemiddelapparatet for grøn omstilling i forslaget til statsbudsjett for 2027, med følgjande merknader:

……..

……..

Robert Rastad
fylkesdirektør

Thorbjørn Aarethun
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2027 er det gjort betydeleg kutt i midlar til det regionale verkemiddelapparatet for grøn omstilling med negative verknader for viktige næringar på Vestlandet.

Med grunnlag i dette foreslår fylkesdirektøren at Vestlandsrådet gir uttale til Stortinget si handsaming av forslaget til statsbudsjett for 2027.

### Forslag til uttale

Fylkesdirektøren forslår følgjande uttale om manglande statleg satsing på grøn omstilling på Vestlandet:

> «Næringslivet i dei tre vestlandsfylka står for 42 % av norsk eksportverdi i 2025, og har derfor stor nasjonal betydning. Naturgitte fortrinn, kombinert med kompetanse, kultur og teft for industriutvikling har gjort at Vestlandsfylka står for nær halvparten av den nasjonale eksportretta verdiskapinga.
>
> Systemindustrianalysen 2024 viser kor avhengig denne industrien i dag er av olje og gass, men òg kor stort potensialet er for omstilling til havvind, utsleppsfri skipsfart, karbonfrie industriprodukt og fossilfrie energiberar. Bedriftene har gjennom tiår bygd opp kompetanse innan prosesserfaring, hydraulikk og elektromekanikk som er direkte overførbar til nye verdikjeder for auka verdiskaping og eksport. Fleire av selskapa fortel at det ikkje er mangel på vilje eller kompetanse som hindrar omstillinga, men mangel på føreseielege rammevilkår og tilgang til risikoavlastande kapital i tidleg fase. Prosjekt i nye verdikjeder er avhengig av risikoavlastning og føreseielege rammevilkår, slik at desse kjem raskt opp å gå.
>
> I regjeringa sit forslag til statsbudsjett for 2027 blir det kutta om lag 300 millionar kroner i Innovasjon Noreg sine ordningar, der hovudtyngda er avvikling av heile tilskotsordninga til miljøteknologi. Dette kjem i tillegg til kuttet på 72 millionar kroner i 2026, som ikkje vert reversert, og grønt investeringstilskot i distrikta som allereie er avvikla. Resultatet er at Innovasjon Noreg ikkje lenger vil ha nokon eigen tilskotsordning retta mot grøn omstilling i næringslivet. Samstundes vert ordninga Grøn plattform sett på pause, utan utlysingar i 2027.
>
> Miljøteknologiordninga har vore ei av dei mest treffsikre verkemidla Noreg har hatt for grøn næringsutvikling, med om lag 40 prosent av midlane til oppstartsselskap, og har gjeve risikoavlastning til alt frå unge vekstselskap til store industriaktørar. Tabellen under syner at dette har vore ei ordninga med tildeling av betydelege midlar dei siste åra på Vestlandet.

| År | Vestland | *Vestland andel av Norge* | Rogaland | *Rogaland andel av Norge* | Møre og Romsdal | *Møre og Romsdal andel av Norge* | Vest samlet | *Vest andel av landet* |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2020 | 213,7 mill. | *25,8%* | 57,6 mill. | *6,9%* | 69,5 mill. | *8,4%* | 340,8 mill. | *41,1%* |
| 2021 | 160,9 mill. | *22,8%* | 90,3 mill. | *12,8%* | 10,9 mill. | *1,5%* | 262,1 mill. | *37,1%* |
| 2022 | 52,1 mill. | *9,9%* | 33,1 mill. | *6,3%* | 27,5 mill. | *5,2%* | 112,7 mill. | *21,4%* |
| 2023 | 147,3 mill. | *25,7%* | 29,8 mill. | *5,2%* | 33,2 mill. | *5,8%* | 210,3 mill. | *36,7%* |
| 2024 | 92,3 mill. | *28,5%* | 59,2 mill. | *18,3%* | 0,0 mill. | *0,0%* | 151,5 mill. | *46,8%* |
| 2025 | 47,3 mill. | *9,5%* | 89,6 mill. | *17,9%* | 38,3 mill. | *7,7%* | 175,2 mill. | *35,1%* |
| 2026 | 23,0 mill. | *22,8%* | 16,9 mill. | *16,8%* | 0,0 mill. | *0,0%* | 39,9 mill. | *39,6%* |
| 2020–2026 | 736,6 mill. | *20,7%* | 376,5 mill. | *10,6%* | 179,4 mill. | *5,1%* | **1292,5 mill.** | ***36,4%*** |

Systemindustrianalysen 2024 peiker nettopp på at slik risikoavlastning, saman med langsiktige og tydelege politiske rammer, er avgjerande kritiske suksessfaktorar for at utstyrs- og tenesteleverandørane skal våge å satse på nye verdikjeder i staden for å bli verande i ein krympande olje- og gassmarknad.

I tillegg foreslår regjeringa å avvikle ordninga FORREGION, med eit samla kutt på 60,2 millionar kroner i 2027. Ei avvikling av FORREGION vil svekkje innsatsen i den tidlege fasen

av innovasjonsløpet. Samla sett risikerer ein å svekkje heile utviklingsløpet frå idé og forskingsbasert innovasjon til kommersialisering, omstilling og auka eksport.

Vestlandsrådet reagerer negativt på dei føreslåtte kutta i statsbudsjettet for 2027, og meiner regjeringa med dette svekker verkemiddelapparatet for grøn omstilling i ei tid der eksportnæringane på Vestlandet treng føreseielege rammevilkår meir enn nokon gong.

Fylkeskommunane bidreg med kunnskap, samordning og regionalt arbeid med næringsutvikling. Vestlandsrådet ber derfor om at Stortinget reverserer dei føreslåtte kutta i verkemiddelapparatet. Dette er nødvendig for at fylkeskommunane kan vidareføre arbeidet med grøn omstilling tilpassa dei regionale omstillingsbehova.»